

Info om brannvern - Breidablikk Hytteforening 2017

**v/ Atle Festervoll
Lom og Skjåk brannvesen**

- Lom og Skjåk Brannvesen



Mål for dagen...

- Generelt om brann og brannårsakar
- Redusere konsekvensar ved brann.....
- Informasjon om innføring av feiing og tilsyn på fritidsbustad, setrer og hytter.





I Norge brenn det i snitt åtte bygningar kvar dag. Dei fleiste brannar skuldast menneskeleg svikt, anten det er på grunn av uforsiktigheit, gløymskheit eller med hensikt.

Brannårsaker

Påsatt brann:	10 %
Open eld:	25 %
Elektrisitet:	40 %
Anna:	5 %
Ukjent:	20 %


Dødsbranner; røyking og tørrkokning

Uforsiktigheit er årsak til 3 av 4 brannar



Kva skal til for å starte ein brann?

Brannutvikling?





Brannrøyk

- Brannrøyken
inneheld kollos:

- ein usynleg, luktfri og
dødeleg gass



Mennesker som omkommer i brann dør som oftest av røykforgiftning.

Kva gjer du om det brenn?



REDDE

VARSLER

SLØKKE

Korleis sløkke ein brann?



**NB! Handslukke apparatet er tomt etter
ca. 15 - 20 sekund!**



Vatn kan brukast i dei fleste tilfelle, også i elektriske anlegg.

Bruk ikkje vatn mot brann i feitt og kjemikalier

Alle skal ha....

- Røykvarslar
- Manuelt sløkkeutstyr
- Rømmingsveg

Feiing og tilsyn i fritidsbustad og hyttar

2016 trådde ny forskrift i kraft: Forskrift om Brannforebygging.

I følgje § 17, Feiing og tilsyn med fyringsanlegg, er det nå lovpålagt med feiing og tilsyn i fritidsbustadar/hytte/næringsbygg på lik linje med bustadhús.

Bakgrunn:

Etter ny forskrift om brannforebygging skal både tilsyn og feiing utførast etter risikovurdering. Hyppigheit vil difor bli vurdert for kvart enkelt fyringsanlegg, men i starten blir dette 8. kvart år.



Frå 2009 til 2015 omkom 17 personer ved brann i fritidsbustader. Dei vanlegaste brannårsakene er feil montering, mangelfullt vedlikehald og feil bruk av eldstad.

Det er stor usikkerheit knytt til tilstanden til fyringsanlegga i fritidsbustader, og om desse er tilstrekkeleg rengjort. Dette er bakgrunn for ny forskrift.

Når vi er på besøk vil vi også informere om andre forhold med betydning for branngryggleiken, som rømmingsvegar, sløkkeutstyr og røykmeldar.

Risikerer å måtte sløkke sjølv:

I gjennomsnitt er utrykkingstida vesentleg lengre til ei hytte enn ein bustad. Dette inneber at vi må vera førebudd på å sløkke ein eventuell brann på hytta sjølv.

Difor blir hytteeigar/ brukar oppfordra til å utstyre hytta godt med sløkkeutstyr og røykmeldar. På den måten får ein tidlig varsling, og er godt rusta til å handtere eit eventuelt branntilløp før det får utvikle seg

Med bakgrunn i dei nye krava blir det innført eit gebyr med verknad frå 1. januar 2017.

Årsaka til gebyret er at forskriftskravet som inneber at kommunane skal kontrollere fyringsanlegga i fritidsbustader (sjølvkost).

Brannvesenet er i gang med feiing og tilsyn for hytter.

Målet er å tilby ordninga som gjer det mogleg å gjennomføre feiing og tilsyn på ein tilfredsstillande måte for alle partar, og innan 8 år skal alle hatt besøk av feiaren.